



HJELMELAND
Kommune

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/25	Råd for menneske med funksjonshindring	PS	06.02.2025
005/25	Seniorrådet	PS	06.02.2025
018/25	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	11.02.2025
029/25	Formannskapet	PS	12.02.2025
012/25	Kommunestyret	PS	20.02.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Haldis Karine Nilsen	K1-149	24/1360

KOMMUNEPLAN FOR HJELMELAND 25-37, SAMFUNNSDEL.

1.GONGSBEHANDLING

Vedlegg:

Høyringsuttale - Høringsuttalelse til Hjelmelands kommunes forslag til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2026-2036

1447696_2024_innspill_komplan_samfunnsdel.pdf

Uttalelse til kommuneplanens samfunnsdel

2024_innspill_komplan_samfunnsdel

Høyringsuttale - Komande kommuneplan

Høyringsuttale_1447550.xml

Innspill til kommuneplan-samfunnsdelen

Innspill til kommuneplan- samfunnsdelen des 2024

Planprogram: Ny kommuneplan for Hjelmeland

Planprogram for ny kommuneplan i Hjelmeland

Jeg deler Høringsinnspill til kommuneplan - Bondegull SA med deg

Høringsinnspill til kommuneplan - Bondegull SA

Høringsinnspill kommuneplan

Høringsinnspill kommuneplan Hjelmeland kommune

Høyringsuttale - Samfunnsdel

Høyringsuttale_1446898.xml

Innspill Samfunnsdelen

Forslag til innspill Kommuneplan 2024

Oppsummering frå folkemøte 21.11 - Fister

Oppsummering frå folkemøte 20.11 - Hjelmeland

NOTAT FRÅ GRENDØTE 13.11.24

NOTAT FRÅ GRENDØTE 11.11.24

OPPSUMMERING GRENDØTE 5.11.24

OPPSUMMERING GRENDØTE 12.11

OPPSUMMERING GRENDØTE 4.11.24

BARN OG UNGE SITT KOMMUNESTYRE

Innspill plansak 24_1360 - Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel 24-36 (mail 4)

Sak 24_1360 - Innspill om Myr

Sak 24_1360 - Innspill om kulturminner

VS: Plansak 24/1360 Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel

Innspill til ROS vurdering av Samfunnsdelen for (1)

Fråsegn - høring - kommuneplan - Hjelmeland - revisjon kommuneplanene 2024 - 2036

Forslag til vedtak

Kommuneplan for Hjelmeland, samfunnsdel med klimaplan vert lagt ut til høyring i tråd med forslag av januar 25.

Hjelmeland, den 16.12.2024

Janne Johnsen

Kommunedirektør

Seniorrådet 005/25

ELD - behandling:

Behandling:

For å ruste seg for demografiendringane med auka antal eldre, meiner seniorrådet at kommunen i omstillingsprosjekt innan omsorg ikkje må redusere antal institusjonsplasser, men heller auka. Og i alle fall legge til rette for at ein kan utvide antall institusjonsplassar etter behov.

Under Hovudmål 5 *Samferdsel og infrakstruktur* i kapittel 4.2., ynskjer rådet at det vert tatt inn:

ELD - vedtak:

Rådet meinar at kommunen i omstillingsprosjekt omsorg ikkje må reduserer antall institusjonsplassar, men legge til rette for å kunne utvide ved auka behov.

Rådet ynskjer at setninga: *For å sikre mobilitet for seniorer må ordninga med seniortaxi videreutviklas*, vert tatt inn under Hovedmål 5 Samferdsel og infrastruktur i kapittel 4.2.

Råd for menneske med funksjonshindring 005/25

FUNK - behandling:

Behandling:

Kapittel 2, kapitteloverskrift 2.2 *Utviklingstrekk, prosess/medverknad*, avsnitt 3 *Det frivillige Hjelmeland*.

Den kristen virksomhet i frivilligheta vert ikkje nevt i avsnittet, sjølv om det vert det gjort mykje frivilligarbeid her. Anne Tove G. Ingvaldstad foreslår difor at det vert tatt inn følgande setning: *Det blir utført mykje frivillig arbeid i kyrkjer og bedehus med tilbod til alle aldersgrupper*.

Røysting: Vedtatt med 3 mot 1 stemme.

Desse røysta for: Anne Tove G. Ingvaldstad, Helge Mæle, Berit Søvik Østerhus.

Desse røysta mot: Jan Arne Hansen.

FUNK - vedtak:

Råd for menneske med funksjonshindring ynskjer at følgande setning vert tatt inn i kapittel 2, kapitteloverskrift 2.2, avsnitt 3: *Det vert utført mykje frivillig arbeid i kyrkjer og bedehus med tilbod til alle aldersgrupper.*

Areal- og forvaltningsutvalet 018/25

AFU - behandling:

Behandling:

Røysting

Samrådstes vedteke.

AFU - vedtak:

Kommuneplan for Hjelmeland, samfunnsdel med klimaplan vert lagt ut til høyring i tråd med forslag av januar 25.

Formannskapet 029/25

FSK - behandling:

Behandling:

Supplering kulepunkt 2, siste setning, i avsnitt 5.3 Miljømessig berekraft, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde, **og ved å ha tydelege skilje mellom byggeområde i grens- og tettstad og landbruksområda.**

Røysting:

Tilleggsforslag frå Hatløy, SP: Vedtatt mot 4 stemmer. (H, AP, KrF stemte mot)

Oprinneleg forslag med vedteken endring: Samrådstes vedteke

FSK - vedtak:

Kommuneplan for Hjelmeland, samfunnsdel med klimaplan vert lagt ut til høyring i tråd med forslag av januar 25.

Med Supplering av kulepunkt 2, siste setning i avsnitt 5.3:

- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde, **og ved å ha tydelege skilje mellom byggeområde i grens- og tettstad og landbruksområda.**

Kommunestyret 012/25

KST - behandling:

Behandling:

Forslag til vedtak , foreslått av Gaute Hauge, Arbeiderpartiet

Ta ut tilleggsforslag fra formannskapet, dette er : Med Supplering av kulepunkt 2, siste setning i avsnitt 5.3:

- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde, **og ved å ha tydelege skilje mellom byggeområde i grend- og tettstad og landbruksområda.**

Dette forslaget (utheva) går ut.

Endringsforslag s. 4, kap. 2.2, 3. avsnitt, foreslått av Silje Sværen, Sosialistisk Venstreparti

Endringsforslag s. 4, kap. 2.2, 3. avsnitt - Avsnittet erstattast med:

Det frivillige Hjelmeland gir eit svært viktig bidrag til lokalsamfunnet gjennom å driva ei rekke varierte aktiviteter innan idrett, kultur, friluftsliv og beredskap.

Tilleggsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Punkt 5.3 kulepunkt 2 (endringar i grønt)

Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde. Me ynskjer også å redusere dagens hensynssone til 25m langs sjø/vassdrag.

Kulepunkt 6

~~Me skal vera restriktive med å leggja ut byggeområde me skal ha ei restriktiv haldning i 100-metersbeltet langs sjø. Det skal likevel kunne leggast til rette for mindre utbyggingar, kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling~~

Avsnitt om Parisavtalen tas ut, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Første avsnitt i kap. 3.6 om Parisavtalen tas ut. Frå «Parisavtalen er ein internasjonal...» til «...vera eit lågutsleppssamfunn innan 2050.»

Plast, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Nye delmål under Hovudmål 4 Klimaomstilling:

9. Bidra til å redusera bruken av plast, spesielt gjennom eige innkjøp

10. Bidra til rydding av plast

Endelig utkast, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Endelig dokument må være i et dokument som er kort og med klar tale. (Til dømes Åfjord kommune eller andre med tilsvarende format)

Endring 2.1 fra avsnitt Attraktive lokalsamfunn..., foreslått av Torunn Munthe, Høgre

Attraktive lokalsamfunn er også noko kommunen sitt arbeid med «Innsatstrappa» har som ein hovedoverskrift. Klarer me å halde på og vidareutvikla gode, attraktive lokalsamfunn trass endring i samansetnad av befolkninga, så har me kome langt!

~~Før å vareta endring i befolkningssamansetninga er det viktig at kommunen utviklar seg til å legge forholda til rette for at innbyggjarane kan leve gode, sjølvstendige og aktive liv så lenge som mogleg. Det handlar om korleis me legg til rette for og utviklar nærmiljø, bustadar, møteplassar, transportløysingar og aktivitetar i bygdene våre, slik at behøva til den mangfoldige gruppa eldre innbyggjarar vert ivaretake~~

Tema som bør heves , foreslått av Torunn Munthe, Høgre

- Integrering
- Barnefattigdom
- Energi, energisparing, effektivisering i egen organisasjon og i samfunnet for øvrig. Utvikling av fornybar energi.

- Arbeidsgiver og ansatt, mål om kompetanseheving og rekruttering
Tilleggsforslag, foreslått av Berit Søvik Østerhus, Senterpartiet

Under hovudmål 5 Samferdsel og infrastruktur i ka. 4: For å sikre mobilitet for seniorar må ordninga med seniortaxi vidareutviklast.

Utsettingsforslag, foreslått av Torunn Munthe, Høgre
Saka vert utsatt. Egen temadag med kommunestyre.

Røysting:

Munthe, H, la fram forslag om å utsetje saka: Falt mot 12 stemmer (AP, SP, SV)

Endringsforslag frå Hauge, AP: Vedtatt mot 4 stemmer (Egeland (SP), Øye (SP , Hatløy SP, Kleppa, SP)

Endringsforslag frå Sværen, SV: Samråystes vedtatt

Endringsforslag frå Egeland, SP:

- Pkt 1: Vedtatt mot 4 stemmer (Hauge (AP), Kleppa (SP), Sværen (SV) og Hetlesæter (KrF))
- Pkt 2: Vedtatt mot 7 stemmer (Hetlesæter (KrF), Hauge og Urdal (AP), Kleppa, Østerhus og Øye (SP), Sværen (SV))

Endringsforslag (Parisavtalen) frå Halsne, KrF: Falt mot 7 stemmer (Høgre, Halsne (KrF) og Schmidt (SP))

Tilleggsforslag (Plast) frå Halsne, KrF: Samråystes vedtatt

Endringsforslag (Endeleg utkast) frå Munthe, H: Falt mot 13 stemmer (AP, SP SV og Hetlesæter, KrF)

Endringsforslag (Kap. 2.1) frå Munthe, H: Falt mot 12 stemmer (AP, SV, SP)

Tilleggsforslag (Tema) frå Munthe, H: Falt mot 12 stemmer (AP, SV, SP)

Tilleggsforslag frå Østerhus, SP: Samråystes vedtatt

Innstilling frå Formannskapet med vedtekne endringar: Samråystes vedtatt

KST - vedtak:

Innstilling frå formannskapet:

Kommuneplan for Hjelmeland, samfunnsdel med klimaplan vert lagt ut til høyring i tråd med forslag av januar 25.

Med Supplering av kulepunkt 2, siste setning i avsnitt 5.3:

- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde, *og ved å ha tydelege skilje mellom byggeområde i gren- og tettstad og landbruksområda.*

Vedtekne endringar:

Ta ut tilleggsforslag fra formannskapet, dette er : Med Supplering av kulepunkt 2, siste setning i avsnitt 5.3:

- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde, *og ved å ha tydelege skilje mellom byggeområde i gren- og tettstad og landbruksområda.*

Dette forslaget (kursiv) går ut.

Endringsforslag s. 4, kap. 2.2, 3. avsnitt - Avsnittet erstattast med:

Det frivillige Hjelmeland gir eit svært viktig bidrag til lokalsamfunnet gjennom å driva ei rekke varierte aktiviteter innan idrett, kultur, friluftsliv og beredskap.

Punkt 5.3 kulepunkt 2 (endringar i grønt)

Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde. Me ynskjer også å redusere dagens hensynssone til 25m langs sjø/vassdrag.

Kulepunkt 6

~~Me skal vera restriktive med å leggja ut byggeområde~~ me skal ha ei restriktiv haldning i 100-metersbeltet langs sjø. Det skal likevel kunne leggast til rette for mindre utbyggingar, kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling

Nye delmål under Hovudmål 4 Klimaomstilling:

9. Bidra til å redusera bruken av plast, spesielt gjennom eige innkjøp
10. Bidra til rydding av plast

Under hovudmål 5 Samferdsel og infrastruktur i kap. 4:

For å sikre mobilitet for seniorar må ordninga med seniortaxi vidareutviklast.

Samandrag

Hjelmeland kommune har vedteke å revidera kommuneplanen sin samfunnodel og arealdel, og det er utarbeidd og vedteke (ksak 66/24) eit planprogram for dette (jfr kap 4 i planstrategi 2024-2028). Kommunedirektøren tilrår å leggja vedlagt planforslag for kommuneplanen sin samfunnsdel ut til høyring.

Partar i saka:

Ein opererer ikkje med partsomgrep med omsyn til kommuneplan. Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven, og kan ikkje påklagast.

Fakta

Sjølve forslaget til plan ligg ved (nest sist i vedleggsporteføljen). Den kan også sjåast her:

<https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/plan/hjelmeland/a7db922d-017d-4c2b-93cb-9f3f3430ad13/plan-76026a7c-c484-40ab-8727-a87b6d90b5b0-32824/>

1.Bestillingen

Kommunestyret vedtok i ksak 66/24 å revidera gjeldande kommuneplan 2019-2031. I same sak vart det også vedteke eit planprogram for arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Vedlagt forslag til revidert samfunnsdel er fyrste del av etappen med å svara ut kommunestyret si bestilling som i hovudsak går fram av kap 4.1:

- *Behalde «Hjelmeland naturlegvis» som visjon*
- *Revidere gjeldande samfunnsdel, men ikkje lage heilt ny då det er mykje verdifullt å vidareføre inn i neste plan*
- *Fokusere enda meir på attraktive lokalsamfunn, klima og naturmangfold enn i gjeldande plan*

- *Ikkje utarbeide eigen klimaplan, men innarbeide det i samfunnsdelen. Føringar i samfunnsdelen må vidareførast og vera retningsgjevande for arealdelen.*
- *Og elles ta utgangspunkt i hovudmåla i gjeldande plan: - Trekantsamarbeid frivillige, offentleg og næringslivet - Næringsutvikling med basis i eksisterande næringar - Lokalsamfunnsutvikling som gjer det attraktivt å bu i alle bygdene*
- *Prioritere fram våre viktigaste berekraftsmål kopla mot hovudmåla : Forslag: 3 god helse, 4 god utdanning, 10 mindre ulikskap, 11 Berekraftig lokalsamfunn, 12 Ansvarleg forbruk og produksjon, 14 Livet i havet, 15 Livet på land og 17 Samarbeid for å nå måla.*
- *Kople AgendaKaupang-prosjektet til kommuneplanens samfunnsdel.*
- *Utarbeide arealstrategi gjennom arbeidet med samfunnsdelen*
- *Bruke arealstrategien til utarbeiding av revidert arealdel*
- *Prioritere planvask – dvs vurdere behov for oppheving av eldre reguleringsplanar og areal avsett til utbyggingsformål i kommuneplanen*

I kommunestyresaka var nokre moment i tillegg trekte fram:

Det må komma meir fram i planstrategien at me treng meir næringsareal, det bør vera område som er regulert og klar til opparbeidning og områder avsatt til næringsformål. Fortetting og bruk av grå areal (gjenbruk av areal kor inngrep allereie er gjort) bør prioriterast før nye areal blir omdisponert til næring. Forslag om strategi knytta til Samferdsel innarbeides i Samfunnsdelen i kommuneplanen

2. Prosessen

Etter kunngjort planstrategi med planprogram, vart det invitert til å kome med innspel til planarbeidet. Frist vart sett i desember. Vedlagt følgjer innkomne innspel.

Det vart også gjennomført konkrete medverknadsprosesser: mest omfattande har vore folkemøte i alle sju grendene i november. På kvart av desse møta har dei frammøtte vorte inviterte til å drøfta sentrale spørsmål, og svar på dette har vorte oppsummert for kvart møte. Grendeutvala har vore vertskap, og har også fått tilsendt oppsummeringane i etterkant.

Medverknadsutvala seniorrådet og råd for personar med funksjonshindringar har fått høve til å kome med innspel, og barn og unge sitt kommunestyre har hatt arbeidsverkstad der dei arbeidde med konkrete spørsmålsstillingar. Kommuneplanarbeidet har vorte teke opp i møte med næringsforeningen, og i andre samanhenger der det har vore naturleg. Det har vore ei administrativ tverrfagleg arbeidgruppe i sving, og det har vore drøftingar med den administrative styringsgruppa (kommunedirektøren si leiargruppe).

Kommuneplanen har vore tema på leiarmøte generelt. På samling på Høiland gard i januar 2023, og gjennom arbeidet med prosjektet "Innsatstrappa" harpålitisk nivå også vore aktivt involvert. Arbeidet med innsatstrappa kulminerte med eit felles folkemøte på Samfunnshuset 12.9.24.

På Ryfest og på grendemøta vart det utfordra og invitert til å arrangera "gjestebod", dvs at folk kunne samlast i ei gruppe og drøfta viktige spørsmål mot at kommunen spanderte litt kroner til servering. Dette verkemiddelet har ein ikkje fått respons på, men den breie deltakinga på grendemøta har lang på veg kompensert for dette tiltaket. Med rundt 230 frammøtte totalt, fordelt

på sju stader, må ein gå ut i frå at ein har møtt ei rimeleg god breidde av folket. I tillegg kjem dei involverte i born og unge sitt kommunestyret, og i medverknadsutvala, pluss i interne møte i kommuneorganisasjonen. Til saman har meir enn 10% av innbyggjarane i kommunen vore med på ein direkte medverknadsprosess, i tillegg til dei som har svara på innbyggjarundersøkingar.

Det er gjennomført to spørjeundersøkingar i regi av Sentio i samband med kommuneplanarbeidet. Det eine var ei innbyggjarundersøking etter standard leist (sommaren 2024), det andre var ei reisevaneundersøking (desember 2024).

For å svar ut ønskjet om ei demografisk analyse er det gjort eit lite djupdykk i befolkningstala frå Statistisk sentralbyra, med krinsvis gjennomgang. Det er ikkje laga nokon eigen rapport.

3 "Produktet" - eller sjølve planen

Plandokumentet er laga i det nye planverktyet "Framsikt". Det inneholder fem kapitel: 1 Samandrag, 2

Innleiing, 3 Ramer for planen, 4 Visjon, satsingsområde og mål og til sist 5 arealstrategi.

Innleiinga seier noko om bestillinga, forventingar og gjennomføring av prosessen, pluss folkehelse.

Ramer for planen omtalar ei del felt som er viktige i den kommunale kvarldagen. Målkapitlet er i tråd med oppbygginga i "Framsikt" omfomulert noko.

Visjonen er som før: Hjelmeland Naturlegvis.

Det som før var hovudmål, er no kalla satsingsområdet. Formuleringa her er også som før, jfr vedtak i planstrategien. Dvs: "Jobb og attraktivitet. Leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplaassar og atraktive lokalsamfunn.

Satsingsområda i planen frå 2019 er blitt til hovudmål, og supplert med tre mål til: Klima, samferdsel og arealstrategi. Så er det eit eige kapitel med strategi for handtering av planvask og nye innspel i runden med revisjon av arealdelen. Denne strategien er langt på veg kopiert frå Suldal kommune sin arealstrategi, men det er gjort lokale tilpasningar.

Livar, føresegner, rundskriv

Det vert vist til plan og bygningsloven prg 11-12 om oppstart av arbeid med kommuneplanen.

Arbeidet i Hjelmeland er gjort i tråd med desse føringane.

Økonomiske konsekvensar

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ikkje eit juridisk bindande dokument og har soleis ingen direkte økonomisk konsekvens. Like fullt er det kommunen sin viktigaste strategiske styringsreiskap, og dei vala ein tar her skal vera førande for budsjettarbeidet og anna planlegging framover. Slik sett er kommuneplanen ein viktig premissgjevar for framtidige politiske avgjerder.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Det vert vist til gjeldande kommuneplan frå 2019 (ksakene 14 og 44/19).

Det vert også vist til vedtak om planstrategi og planprogram (ksak 66/24)

Konsekvensar for naturmangfold, klima og miljø

Arealstrategien legg føringar for kva som skal vektleggjast ved komande revisjon av kommuneplanen sin arealdel og "planvask". Ved revisjonen er det lagt noko meir vekt på omsynet til jordvern og naturmangfold enn i gjeldande plan. Berekraftsomgrepet er blitt ein viktig premiss.

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Ved revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel er særleg omsynet til eit aldersvenleg samfunn veklagt. Med aukande gruppe eldre og minkande gruppe unge, må den kommunale innsatsen justerast noko. Satsinga på attraktive lokalsamfunn er viktig for alle grupper.

Vurdering av universell utforming

Ved satsing på attraktive lokalsamfunn vonar ein å kunne leggja betre til rette for alle type menneske.

Innkommne uttalar med kommentar

Desse innspela har kommunen motteke i samband med varsel om oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel:

Frå Næringsforeningen i Stavangerregionen:

Legg vekt på at det må verta enklare å meir attraktivt å bu og driva næringsverksemd. Peikar på at Hjelmeland er heldig som har eit næringsliv som veks og investerer.

Har konkrete innspel til arealstrategien: td at ein til ei kvar tid har minst 100da ferdig regulert næringsområde i tilknyting til eksisterande næringsområde, i tillegg til at det bør liggja inne 500-1000da i kommuneplanen sin arealdel med meir langsigktig horisont. Ferdig regulerte område er viktig. Eit privat offentleg utviklingssamarbeid kan vera ein reiskap i arbeidet.

Det er for få ledige, attraktive bustadar i marknaden. I kommuneplanen må det sikrast nok bustadareal i tilknyting til sentrumsområda som passar som innstegsbustadar. Må ikkje vera for dyre, men likevel attraktive.

Foreningen har også synspunkt på planvask: Bør ikkje ta ut område som allereie er ferdig regulerte og som det er investert midler i å utvikla. Areal til utvikling må ikkje bli mangelvare. Avslutningsvis vert det peika på viktigheten av god infrastruktur knytt til kraft, kollektivtilbod og vegnett.

Kommentar frå kommunedirektør:

Samd med næringsforeningen at me har eit næringsliv i vekst. Positivt at dei er på banen i denne fasen. Ein er litt usikker på om næringsforeningen meiner at kommunen til ei kvar tid skal ha 100da næringsareal med offentleg eigarskap klar for sal til nye kunder. Det vil vera vanskeleg å få til så lenge det finst privat eigmde areal med liten utnyttingsgrad. Poltisk er det også signalisert at det er "grått" areal som skal prioriterast, dvs areal som allereie har vore eller er i bruk til næringsføremål. Slik sett er arealet på Viganeset og arealet på Mælsøyane pr idag det mest interessante. Og her har kommunen lite eigarskap. Generelt må ein vera viljug til å ta ut noko areal av kommuneplanen sin arealdel for å få leggja inn andre areal. Dette geld sjølv om arealet er regulerte. Det er desse ramene kommunen må forhalda seg til.

Frå Ingjerd og Øyvind Nicolaysen:

Ønskjer at område avsett til akvakultur i gjeldande plan, A19 Sigmundstad, skal utgå. Tykkjer området er avsett på sviktande grunnlag. Nærnaturen er viktig, jfr grendemøtet på Fister. Generelt ber dei kommunen vurera nøye bruken av sjøområda til akvakultur.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Gjeldande kommuneplan vil vera utgangspunktet ved revideringa. Ein må her gå nøyne gjennom kva sjøområda skal brukast til, og om noko skal omprioriterast til andre føremål.

Frå Årdal Aqua:

Viktig med eit offentleg/privat næringsselskap. Glad for at innspel ved fastsetjing av planprgrammet vart omsynteke. Viktig i samfunnsdelen: Tydeleg strategi for næringsutvikling. Må konkretisera noko rundt hovudutfordringane som er tilgang på areal og kraft. Dette er tidskritisk. Berekraftige løysingar som td samlokalisering av blå og grøne næringar. Hjelmeland som tyngdepunkt på blå-grøn vekst. Kommunen må ha heilskplege planar som tek omsyn til både bustadbygging, sosiale tilbod og infrastruktur.

Kommentar frå kommunedirektøren:

I planprogrammet er det ei klar bestilling på at næringsutvikling skal prioriterast. Samstundes er jordvern lyfta opp, og bruk av sokalla "grå areal" - dvs areal som har vore teknate i bruk - skal prioriterast framfor bruk av nye. Slik sett blir gjenbruk av allereie brukte areal sentralt. Det har me ikkje vore like gode på i Hjelmeland alltid.

Frå fellesorganisasjonen natur og friluftsliv (FNF):

Berekraftsmåla bør gjennomsyra utforming av ny samfunnsdel, td ved innleiing til kvart kapitel. Bra med vektlegging av trekantsamarbeid offentleg sektor-næringsliv-friviljuge. Konkret forslag til målsetting vedr. grøntstruktur.

Innspel til arealstrategien. Konkrete omårde bør nemnast i arealstrategien i forhold til strandsonerproblematikk. Er skeptisk til større planreserve for næringsføremål; i Hjelmeland er det allereie rundt 300da. Er positiv til gjenbruk av "grå" areal. Etterlyser kva verkemiddel Hjelmeland vil bruka for å oppnå slik gjenbruk. Få fram viktigheten av grønnstruktur og naturbaserte løysingar på overvatn. Og varsellampe for sjøområda: Det bør ikkje setjast avmeir areal til oppdrett enn i dag. Er veldig positiv at det skal gjennomførast planvask. Bør leggja arealnøytralitet til grunn. Arealnøytralitet handlar om å gjenbruka og fortetta område som allereie er teknate i bruk framfor å bygga ned landbruksareal og natur.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Natur er viktig i Hjelmeland, noko som også er avspeglia i kommunen sin visjon. Det er ei vanskeleg oppgåve å balansera bruk av natur mot behov for areal til andre føremål. Sosial og økonomisk berekraft må vurderast opp mot det miljømessige. Gjennom "planvasken" vonar ein å få rydda bort arealdisponering som ikkje er framtidsretta.

Frå Bondegull as:

Bondehull as er eit nystarta foretak stifta av bønder i Årdal, Strand og Forsand med føremål å organisera og kartleggja husdyrbønder med omsyn til mulig leveranse til eit biogassanlegg. Innspellet peikar på utfordringane knytt til den gjødselvareforskriften som nyleg er vedteken. Denne kan føra til stor endringar i krav til spreieareal, og gjer det viktig å få på plass eit biogassanlegg. Dette vert også arbeidd med frå Årdal Aqua og prosjektet 360Årdal.

Prosjektet har identifisert ei mogleg tomt i Svardbergområdet; i dag dyrka jord. Bondegull meiner det likevel er fornuftig å nytta dette arealet og heller flytta jorda, då etablering av eit biogassanlegg kan løysa andre utfordringar for landbruksnæringa.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Det er kome fleire innspel som peikar på kor viktig det er med sirkulær tenkemåte. Det er ei utfordring når dette kolliderer med jordvern. Men det er mulig at ein nett her bør tenka alternativt, i tråd med inspel frå Bondegull.

Frå Årdal bygdaråd:

Innspelet er delt i fleire hovudpunkt.

A Skule og folkevekst: Viktig å behalda skule og barnehage. Årdal sentral bygd, kort veg til Strand/Stavanger. Saknar lettare tilgang til skulen i dag; tungvint i forhold til booking og nøkkelsystem for arrangement på fritida. Ungdomstaxi er viktig.

B Tilrettelegging for eldre: Viktig å behalda omsorgsenteret i Årdal. Godt omland, kan etablerast fleire aldersvenlege bueineingar. På grunn av lokaliseringa er det lettare å skaffa innpendla fagfolk. Seniotaxi viktig. Bør bli eit enklare bookingsystem.

C Næringsvenleg kommune: Viktig å ha areal både til landbruk og andre næringar. Vera viljuge til flytta på landbruksjord.

D Natur og friluftsliv: Flott nærnatur rundt Årdal, attraktivt for både eigne innbyggjarar og andre. Gjera Lyngsheia meir kjent som vinterdestinasjon. På sikt lysløype og oppkøyrd skispor.

E Engasjement og friviljug arbeid. Kommuneplanen må ta godt vare på frilivvigheten. Gjennom dugnad treff ein andre ambygdningar og byggjer fellesskap.

Kommentar frå kommunedirektøren:

I ein kommuneplan må ein sjå på heilskapen og fordeling av ressurser. Det er positivt med bygdarådet sitt engasjement, og innspela er i tråd med det som kom fram på grendemøte. Spørsmålet om kor framtida sitt omsorgsenter skal liggja vert avgjort i eiga sak. Lyngsheia som vinterdestinasjon er spelt inn i arbeidet med fylkeskommunen sin Reigonalplan for Prekestolen og Lysefjordområdet.

Frå Katrine Stangelo:

Samfunnssdelen bør seia noko om prinsipp og føringar for bruk av solceller, jfr diskusjon om dette i AFU.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Viss ein ynskjer å konkretisera dette allereie no, kan det takast med i avsnitt om Klimaplan, eller i arealstrategien. Eller begge plassar.

Frå Fister Bygdaråd:

Ønskjer at det vert sett av areal til campingplass på del av 75/3 (Vidar Nessa er eigar, området ligg mellom Stemmen og Flsterbygda på austida av fylkesvegen). Hjelmeland bør generelt selektera meir kva dei ulike bygdene skal vera gode på. Fister har høg merkevare på fritid og turisme. Korleis kan me få dette til? Vedalgt følgjer nærmere argumentasjon for denne campingplassen (kvifor denne plasseringa, kva muligheter gir det).

Kommentar frå kommunedirektøren:

Viss ein ynskjer å konkretisera dette no, må det bli som ein del av arealstrategien.

Frå/på grendamøta (Vormedalen, Jøsneset, Årdal, Jøsenfjorden, Randøy, Fister og Hjelmeland).
Oppsummering gruppearbeid.

Det vart arbeidd med desse spørsmåla og noterte svar, utan at svara vart "vekta" som bygda sitt felles syn: Kva kan me/bygda gjere for at eldre skal kunne bu lengre i eigen heim - og klare seg sjølv? Korleis skapar me eit aldersvenleg samfunn? Kva utfordringar har denne bygda i framtida? Kva er bra med å bu her? Kva skal til for at bygda og kommunen framleis skal vera ein god stad å bu? Kva må me unngå? Eller slutta med? Kva muligheter har me her i bygda og kommunen for å skapa vekst? I tillegg vart det arbeidd med spørsmål knytt til kommuneplan for naturmangfold og for byggeråstoff.

Generelt kan ein seia at verdien av møteplassar ute og inne vart framheva dei fleste stadene. Og kor viktig det er med friviljug innsats. Dugnad er også ein arena for å bli kjent med naboen. Utfordringar knytte til transport, og verdien av å ha trygge og gode vegar kom ned på papiret mange stader. Turstiar og andre friluftstiltak vart sette pris på. Verdien av nærbutikken vart framheva.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Gjennom grendemøtene kom det fram at gjennom gode møteplassar og godt samarbeid mellom kommunen og det friviljuge, kan ein koma langt. Å få til og utvikla dette samarbeidet er vesentleg. I tillegg merka kommunedirektøren seg kor viktig rolle daglegvarebutikkane spelar i kvardagen til folk. Dette blir teke tak uavhengig av planprosessen.

Frå Tom Steffensen (spesifikt i samband med Mibau stema sitt innspel til byggeråstoffplanen om pukkverk Jøsneset. Naturverdiar og Kulturminne):

Hytteeigarane i Nordre Knutsvik og Øygarden er skeptiske til forslag til Mibau stema om pukkverk i Knutsvikheia. Peikar på at vurderinga "Nasjonal viktghet" i røynda betyr at steinen kan seljast til utlandet. Skeptisk til NGU si vurdering.

Frå Sissel Hanevold Tveit (jfr pukkverk Jøsneset KU, mål), Frå Arild Fosså, Kjellauq Bukkedal, Helge Erga (jfr pukkverk Jøsneset, ulike tema): Frå Arild Fosså og hytteigarane i Nordre Knutsvik og Øygarden. (jfr pukkverk Jøsneset, ulike tema)

Omfattande dokumentasjon og synspunkt knytt til mulig pukkverk på Jøsneset. Peikar på at det i Erfjorden ligg felt med sukkertare som overlapper eit viktig gytefelt for torsk. Dette må takast vare på, jfr planane om pukkverk på Jøsneset. Også på land er det viktige verdier som td skog med høg og sers høg bonitet. Her er også myrområde. "Ved etablering av steinbrudd vil all natur og landskap bli ødelagt. ved en eventuell tilbakeføring oppnår man aldri det samme. Minner om Montrealavtalen, og åtvarer mot stadig konflikt i framtida mellom busetnad/hytter og eit eventuelt pukkverk. Viser til erfaring frå Høyvik i Suldal. Grunnvatnet vil også kunne bli påverka. Kvarttsøv er kreftframkallande, og let seg spreia over eit stort område. Viser fotodøme frå Høyvik. Eit pukkverk også øydeliggjande for friluftslivet.

Kommentar frå kommunedirektøren til innspela om pukkverk:

Det er ei vanskeleg balanse mellom vern og vekst. Det konkrete temaet om mulig pukkverk på Jøsneset vil i fyrste rekke bli handtert i sak om kommunedelplan byggeråstoff. Så blir det viktig kva formuleringar ein få lagt inn i arealstrategien, slik at ein sikrar at nødvendige føringer for arbeidet med dette kring arealdelen kjem på plass.

Frå Statsforvalteren:

Viser til sin uttale 10.10.24 (ei side) til uttalen til planstrategien (dokument av 11.6.24, 10 sider). Har forslag om at kommunen bør omtala dette i samfunnssdelen: Meir interkommunalt samarbeid? Folkehelse med barnevernsreforma og bustadsosialt arbeid. Rekruttering og kompetanseplanlegging skal ivaretakast i kommunen si samfunnssplanlegging. FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD). Oppvekstsektoren og ansvaret for intergrering av flyktningar og andre med internasjonal bakgrunn. Oppretthalda økonomisk handlingsrom.

Viktig med "planvask". Forventer at kommunen gå gjennom gjeldande planar og tek ut område som ikkje er i tråd med nasjonale forventingar. Legg til grunn at kommunen utarbeidar både arealstrategi og arealrekneskap. Kommunen må i arealstrategien vurdera om område som liggg innafor 100mbeltet som utbyggingsområd, og som ikkje er tekne i bruk, skal ut. Kommunen bør løfta opp

klima og natur som eige satsingsområde. Viktig å oppdatera kommuneplanen sin samfunnsdel i tråd med eventuelle funn i heilskapleg ROS.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Statsforvaltar har gjenteke innspelet som kom til saka om planstrategi. Det er litt uheldig, då planstrategien har avklart kva kommunen skal prioritera i arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Elles meiner ein at det meste av foretingane er innarbeidde i forslaget til revidert plan. Dette på eit overordna nivå. Klima og klimatilpasning ar fått eit eige avsnitt i måldelen.

Frå Barn og unges kommunestyre (oppsummering gruppearbeid):

Er opptekne av rettferdig fordeling i kommunen, jobbmuligheter, tilrettelegging for fysisk og sosial aktivitet, at unge kan hjelpe eldre td via ein jobbsentral, at tenestene butikk og skule er viktige, og at unge kan bidra med friviljug arbeid.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Det var ei imponerande økt då barn og unge sitt kommunestyre drøfta desse vanskelege framtidsspørsmåla. Det kom fram gode innspele, og det var tydeleg at den unge garde forstod at dei måtte vera aktive sjølv og. Ein del av innspele kan jobbast vidare med uavhengig av planarbeidet.

Frå råd for personar med nedsett funksjonsevne:

Rådet meinat at følgande tema er viktige å ha med i kommuneplanens samfunnsdel er: ☐ Universell utforming ☐ Sosiale møteplasser i regi av kommune, privat næringsliv og frivillige lag og organisasjoner ☐ Fysisk tilrettelegging av bustader ☐ Pårøranderolla ☐ Inkludering i arbeidslivet/tilrettelagte arbeidsplasser

Kommentar frå kommunedirektøren:

Innspele frå rådet er i tråd med kommunen sine ynskje om attraktive lokalsamfunn. Men kommuneplanen sin samfunnsdel blir på eit veldig overordna nivå, og det er ei utfordring når ein gjerne vil ha med meir konkrete tiltak.

Frå seniorrådet:

Seniorrådet har følgande innspel til kommuneplanen samfunnsdel: ☐ Fleirtalet av leilighetene på LH1 bør seljest til seniorar som kan bu der resten av livet, og kommunen bør vurdere å gå inn på eigarsida for å sikre dette ☐ Kommunen må fortsette å jobbe med å få på plass bustader tilrettelagt for eldre. ☐ Kommunen bør vurdere å opprette eit bustadkontor ☐ Det bør det vera universelt utforma møteplassar og aldersvennlige benkar i alle bygder. ☐ Det bør vera gang- og sykkelveier og universelt utforma turveier i bygdene våre.

Kommentar frå kommunedirektøren:

Bustadane på LH1 vert handtert som eiga sak utafor arbeidet med kommuneplanen. Ynskja frå seniorrådet elles er i tråd med det ein ynskjer å få til. Men det er ei utfordring å bli altfor konkret i eit kortfatta overordna styringsdokument.

Andre innspel

I budsjettvedtaket frå 2025-2027 vart det vedteke bestillingar som må innarbeidast i kommuneplanen:

Verbalpunkt oppvekst : Administrasjonen set i verk prosessar med å gjennomgå oppvekststrukturen i Hjelmeland kommune, og utredar følgjande: ☐ - Kva struktur skal vi ha innan oppvekst i framtida ☐ -

For kvart alternativ skal eventuell etterbruk av bygga vurderast Fordelar og ulemper knytt opp mot fylgjande punkt skal vurderast: ② - Lokalsamfunnsutvikling/buatraktivitet ② - Det sosiale miljøet på skulane ② - Rekruttering ② - Fagleg kvalitet ② - Økonomi (innsparingar og investeringsbehov) ② - Reiseveg buss og behov for ekstra transport avhengig av plassering SFO ② - Organisering av SFO

Verbalpunkt omsorg Administrasjonen set i verk prosessar med å vurdere samanslåing til ein heildøgns institusjon i kommunen, og utredar fylgjande: ② - Skal kommunen i framtida ha ein eller to heildøgns institusjonar ② - Kva omsorgstenester skal høyre inn under eit nytt omsorgssenter (ulike pasient- og aldersgrupper) ② - Etterbruk av bygga ② - Fagleg kvalitet ② - Fordelar og ulemper knytt opp mot fylgjande punkt skal vurderast: o - Rekruttering helsepersonell o - Avstand til øvrig tenestetilbod o - Økonomi (innsparingar og investeringsbehov) o - Uteareal

Nye statlege planretningslinjer

Like før årskiftet 24/25 kom det nye statlege planretningslinjer; den eine for arealbruk og mobilitet, den andre for klima og energi. Dette er statlege føringar som kommunen må ta omsyn til i sitt planarbeid. Det er ikkje nytt med slike retningslinjer generelt, men litt spesielt at dei vart fornøya og justerte midt i "vår" prosess. Det er store forventingar til kva kommunane skal handtera, uansett storleik og ressurser.

Drøfting i formannskapet i samban med KS sitt debatthefte

Formannskapet hadde ei drøfting av ulike tema i samband med KS sitt debatthefte. Resultat frå gruppearbeid ligg ved.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren si viktigaste rettesnor i arbeidet med revisjon av kommuneplanen har vore planprogrammet som vart vedteke i september, som del av planstrategien. I korttekst har ein oppfatta oppgåva slik

Det skal vera **ein revisjon av den gjeldande planen**, ein skal ikkje laga noko heilt nytt. I praksis har dette betydd:

- Å få innarbeidd berekraftsmåla
- Å få innarbeidd meir om demografisk utvikling/aldersvenleg samfunn
- Å korta ned og forenkla
- God medverknad

At ein det sist året også har arbeid mykje med innsatstrappa, betyr også at mykje vekt er lagt på attraktive lokalsamfunn. Prosessen har også vore farga av arbeidet med omstilling i omsorg og oppvekst.

Den største utfordringa med å korta ned planen, er at detaljeringsgraden blir låg. Dermed vert det ein god del gode strategiar og tiltak som blir overlatt til seinare styringsdokument. Det er berre under avsnittet klimamål at ein har gått vidare med delmål. Dette fordi klimaavsnittet skal fungera som overordna bit av kommunen sin klimaplan. Elles er det generelt viktig å understreka at kommuneplanen er eit overordna styringsdokument, og oppfølginga av den planen handlar om å få tiltak nedfelt delplanar, i budsjett og handlingsplan, og i den daglege "instruksen" i det kommunen driv med.